

Mønsterlov for lag i Noregs Mållag

Lover for mållag.

§ 1

..... mållag har til føremål:

- a) å samla målfolk itil aktivt arbeid for det nynorske målet på alle område,
- b) å auka kunnskapen om og vørnaden for nynorsken og dialektane våre
- c) å styrkja grunnlaget for den folkelege by- og bygdekulturen og verna om miljøet i byen/bygda vår.

§ 2

..... mållag skal vera innmeldt i Noregs Mållag gjennom fylkesmållaget
....., med dei rettar og pliktar eit lokalt mållag har.

§ 3

Arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget held årsmøte innan utgangen av februar, kunnigjort minst tre veker på førehand. Omfram årsmøte vert halde dersom styret vedtek det eller minst $\frac{1}{4}$ av lagsflokken krev det.

§ 4

Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap, fastset årspengane og vedtek arbeidsprogram. Røysterett på årsmøtet har dei som har betalt årspengar for året som var.

§ 5

Årsmøtet vel:

- a) leiar ved særskilt val kvart år,
- b) 4 styremedlemer med 3 varafolk. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år, første gongen etter lutkast. Varafolk vert valde for eitt år om gongen,
- c) ettersynsmann/-kvinne for rekneskapen,
- d) utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Mållag.

§ 6

Så langt det let seg gjera skal det skipast arbeidsgrupper i alle krinsane. Utsendingar for arbeidsgruppene bør møta på alle styremøta med tale- og framleggsrett.

§ 7

Styret vel seg i mellom nestleiar, skrivar, kassastyrar og studieleiar, og står for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Styret er vedtaksført når det er innkalla på vanleg måte og minst 3 styremedlemer eller varafolk møter, mellom dei leiar eller nestleiar.

§ 8

Laget er å rekne som nedlagt når det kjem ned i eit medlemstal på under 10. Fylkeslaget kan dessutan rekne laget som nedlagt dersom det 3 år på rad ikkje vert halde årsmøte og sendt årsmelding.

§ 9

Dersom laget vert nedlagt, skal styret i fylkeslaget ta hand om møtebøker og anna eige. Dersom nytt lag vert skipa og tilmeldt Noregs Mållag innan 5 år etter nedlegginga, skal eiga gå attende til det nye laget. Går det lenger tid, eig fylkeslaget det som er.

§ 10

Framlegg til brigde i vedtektene må vera kjent for medlemene minst tre veker før årsmøtet. Dersom eit framlegg til brigde av §§ 3-9 får 2/3 fleirtal, er det vedteke. For å endre §§ 1, 2 og 10 krevst samrøystes vedtak.